



Innkalling av Kommunestyret

Møtedato: 21.11.2019
Møtestad: Konferanserommet
Møtetid: 09:00 - 15:00

Pleie- og omsorgsleiar Margrethe Kvamme vil gje ei orientering om status i sektoren

Økonomisjef Magne Verpelstad vil i møtet gje opplæring i kommunal økonomi for kommunestyret

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
058/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
059/2019	Godkjenning av møteprotokoll
060/2019	Referatsaker
061/2019	Orienteringssaker
062/2019	Brannstasjon på Mo
063/2019	DIHVA fra IKS til AS
064/2019	Utviding av budsjettramme - ansvar 1600 næring
065/2019	Val av styrer, råd og utval for perioden 2019 - 2023

13. november 2019

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	19/257

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
058/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	19/257

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
059/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Godkjenning av møteprotokoll

Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.10.2019

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	19/257

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
060/2019.1	Protokoll Regionråd 5-2019, fredag 25. oktober

Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Saksopplysningar:

Vedlegg:

Protokoll Regionrådet 5-2019, 25. oktober

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033, TI-&17	19/257

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
061/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

- Evaluering av innkomne tilbud - Gjennomført
- Godkjenning Modalen kommune – avhengig av politisk vedtak - Står att
- Inngåing av kontrakt med totalentreprenør - Står att
- Byggefase - Står att
- Ferdigstilling - Står att

I prosjektet er styringsgruppa samansatt av følgjande personar:

Tone Selmer Skuggevik	Modalen kommune
Kjell Langeland	Modalen kommune
Karl Johannes Romarheim	Brannsjef, NHBR (Norhordland brann og redning)
Steinar Barmen	Prosjektleder og arkitekt, Forum Arkitekter AS

Styringsgruppa har hatt jamnelege møter og forslaget til løysing er forankra i gruppa. Vedlagt plan- snitt og fasadeteikningar er utarbeid i samarbeid med brannvesenet og Arbeidstilsynet. Sjå vedlagte teikningar(vedlegg 3 -5)

Løysingane er forankra og godkjende av:

- Verneombod/hovedtilitsvalgt (vedlegg 6)
- AMU i Modalen kommune (vedlegg 7)
- Arbeidstilsynet Vestlandet (vedlegg 8)
- Modalen kommune – rammeløyve (Vedlegg 9)

Forum Arkitekter AS har utarbeida eit totalentreprisegrunnlag for prising. Dette vart lagt ut på Mercell og ved anbudsfrist var det kome inn 2 stk tilbud frå entreprenørar:

- | | |
|----------------------------------|----------------------------|
| 1. Reknes Byggevarer L/L, Lindås | kr. 17.819.520,- inkl.mva |
| 2. O.L. Kythe AS, Voss | kr. 13.053.338,- inkl. mva |

Det vart inkalla til forhandlingsmøte med O.L. Kythe AS.

Etter diverse avklaringar kom det eit justert tilbud frå O.L. Kythe AS på kr. 12.083.670,- inkl. mva. Vedlagt følger også budsjett for alle arbeider inkl. utgifter som allereie er brukt, og som kjem i tillegg til tilbudet frå Kythe AS. Ein har også stipulert generelle kostnader som vil kome på prosjektet. (Vedlegg 10)

O.L. Kythe As har lokale underentreprenørar:

1. AS Betongindustri
2. Knut Farestveit Rør og Sveis

Økonomi:

Investeringsutgift/løyving:

Budsjettetert kostnad i 2020	kr 12 700 000 inkl. mva
Budsjettetert kostnad i 2020	kr 10 160 000 eks. mva

Finansieringsbehovet vert 10 160 000. Legg til grunn frådrag for mva - utgift gjennom frivillig registrering i MVA – registeret.

Finansieringa er innarbeid slik i budsjett og – økonomiplanframlegget:

Lån 2020	kr 3 500 000
Næringsfond	kr 5 660 000
Disp - fond	kr 1 000 000

Utleige av brannstasjonen til NHBR:

Med leigeinntekt på kr 193 500 (430 m² x kr 450,- = kr 193 500) Dette vil kunne finansiere lånet på 3 500 000.

Konklusjon

Etter rådmannen si vurdering vil ei oppgradering av eksisterande brannstasjon på Mo, gje ei teneleg og framtidiretta løysing og vere det rimeligaste alternativet. Rådmannen vil tilrå at kommunestyret godkjenner at kommunen inngår kontrakt med totalentreprenør O.L. Kythe AS.

Vedlegg:

Sakspapir Brannstasjon, vedlegg 1-2

Vedlegg 3-10

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kjell Langeland		19/268

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

DIHVA fra IKS til AS

Forslag til vedtak:

- a. Modalen kommune vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Rådmannen får fullmakt til å representere kommunen på stiftingsmøtet.

- b. Modalen kommune vedtek å yte eit ansvarlig lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr. innbygger pr. 01.01.19.

- c. Modalen kommune vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19, vert tidspunkt for å tre ut av IKS-et tilsvarande endra.

Saksopplysningar:

1 OM AKTIVITETEN I DIHVA

Historie og bakgrunn

DRIFTSASSISTANSEN I HORDALAND – VANN OG AVLØP IKS, forkorta DIHVA, har si forhistorie i et kommunesamarbeid på 90 talet mellom ca. 10 kommunar om drift av avløpsrensaneanlegg. «Driftsassistansen i Hordaland» vart deretter stifta 17.06.99 som eit samarbeid etter kommunelova §27, då også med fokus på drikkevatt. På møte i representantskapet 18.12.00 vart det vedteke å velje IKS som selskapsform, og formålsparagrafen som ein har i dag vart vedteken. 28.10.04 var alle vedtak på plass, og 22 kommunar stifta det interkommunale selskap ein har i dag.

Formålsparagrafen som vart vedteken i 2000 var:

- Selskapets formål er å være et kompetansesenter for vann- og avløpstjenester. Selskapet skal utføre og formidle tjenester og produkter, slik som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analysevirksomhet, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsvirksomhet.
- Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.

Kva vil me vidare?

For å spegle situasjonen i dag og aktiviteten i selskapet er det i forslag til vedtekter for nytt AS utarbeida eit justert forslag til formålsparagraf:

- Selskapets formål er å være en samarbeidsorganisasjon for eierne. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilrettelegge for erfaringsutveksling, opplæring, og informasjonsvirksomhet.
- Selskapet skal utføre og formidle tjenester, knyttet til vann- og avløpsvirksomhet, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vannmiljø og beredskap.
- Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.
- Selskapets virksomhet skal ikke gå lenger enn til å fremme og underbygge eiernes vann- og avløpsinteresser.

DIHVA er ein samarbeidsorganisasjon der kjerneoppgåvene er å bidra til samarbeid mellom kommunane, skape møteplassar, bidra til kompetanseheving og bistå med felles oppgåveløysning. På nokon arbeidsområde har Dihva avtalar om å utføre betalte oppdrag for bestemte kommunar. Dette gjeld akkreditert prøvetaking på større avløpsrensaneanlegg, drift av ledningskart, drift av damanlegg, miljø i sjø- og ferskvatn og tenester knytt til beredskap. Desse arbeidsområda er viktige også for kjerneverksemda ved å både tilføre og utnytte kompetanse på tvers av aktiviteten i DIHVA.

Figur 1: Arbeidsområde. Figuren illustrerer arbeidsområda i DIHVA



2. SELSKAPSORGANISERING. SAKSGANG FRAM TIL VEDTAK I REPRESENTANTSKAPET 04.06.18.

Historie som interkommunalt selskap (IKS)

DIHVA er organisert som eit IKS etter Lov om Interkommunale selskap.

Ved stifting av selskapet vedtok de 22 kommunestyra ein selskapsavtale, vedlegg d. Her la dei til grunn at det ville bli aktuelt å utvide samarbeidet, og i §2, andre ledd, heiter det

«Andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper kan bli deltakere i selskapet etter vedtak i representantskapet. Vedlegg til selskapsavtale endres i tråd med dette».

Ytterlegare 7 kommunar har fram til no gjort vedtak i sitt kommunestyre om å verte medlem i DIHVA. Representantskapet i DIHVA har vedteke å ta desse opp som nye eigarar, men prosessen mot registrering av nye eigarar vart stoppa av Brønnøysundregistrene fordi IKS-lova ikkje gjev heimel for at representantskapet kan ta ein slik beslutning. Lova fører til at kvar endring av eigarsamensetning må opp som sak i det enkelte kommunestyret. Med så mange eigarar er dette en langvarig og lite hensiktsmessig prosess. I praksis er regelverket til hinder for ein smidig og naturleg utviding av

samarbeidet gjennom opptak av nye kommunale eigarar.

Vidare er 4 kommunar med i samarbeidet som tilknytte kommunar. Dette er ikkje ein tilknytningsform som er regulert av eit regelverk, og fører til ein begrensning av ansvar og innflytelse. I utgangspunktet er det ynskjeleg at alle deltakarane i samarbeidet er eigarar av DIHVA.

Oppsummert deltek 33 kommunar i DIHVA, 22 som eigarar, 7 med vedtak om å verte eigarar, og 4 tilknytte som «medlem». 30 kommunar er lokalisert i tidlegare Hordaland, 1 i tidlegare Sogn og Fjordane og 2 i Rogaland.

Ynskje om vidareføring som aksjeselskap

Det er framleis ynskeleg å løyse oppgåver gjennom DIHVA-samarbeid i form av «begrepet» utvida eigenregi. Dette betyr at ein kommune har fridom til å inngå avtaler med DIHVA som om arbeidet vart utført i eigen regi, utan å være i strid med regelverk for offentlege anskaffelsar. Av denne grunn er det også behov for at den vesentlegaste delen av DIHVA sin oppgåveløysing skjer mot eigarane, og at nye kommunar kan verte eigarar etter kvart som det er naturleg å utvide samarbeidet.

DIHVA starta ei utgreiing av alternative organisasjonsformer våren 2016 og engasjerte etterkvart KS for å få hjelp til vurdering av ulike sider ved alternative organisasjonsformer. Rapport frå KS, «Vurdering av selskapsform» datert 04.12.17, vart sendt til representantane i DIHVA 23.03.18. I fylggebrev med same dato vart representantskapet si behandling av opptak av nye eigarar, selskapsform og strategikutvikling oppsummert. Det vert vist til representantskapsmøter 10.12.14, 08.12.15, 16.06.16, 07.12.16, 14.06.17 og 06.12.17.

Det vart vidare orientert om at styret på møte 20.02.18 konkluderte med å anbefale at selskapet vert vidareført som eit aksjeselskap.

På personalmøte i DIHVA 01.06.18 samla dei ansatte seg om fylgjande utsagn:

«Ansatte i DIHVA IKS er positive til overgang fra IKS til AS under forutsetning av at ansettelsesforholdene og, lønns-, pensjons- og forsikringsordningene videreføres uavbrutt ved overgang fra IKS til AS».

I brev frå KS datert 16.12.18 vert pensjonsmessige konsekvensar ved val av selskapsform omtala, og det vert peika på at uavhengig av korleis DIHVA vert organisert kan den tariffregulerte pensjonsordning ein har i dag først vidare.

På representantskapsmøte 14.06.18 vart det gjort fylgjande vedtak:

Representantskapet støtter styrets innstilling om framtidig organisering av DIHVA. Representantskapet ber om at styret forbereder grunnlag for en kommunestyre-sak i den enkelte kommune om stifting av et aksjeselskap.

3. VANNVEST AS - regulering av selskapet

Eit naturleg spørsmål er, kvifor skal ein ha aksjeselskap?

Det er ynskjeleg å videreføre DIHVA IKS i eit nytt Vannvest AS, for å lettare å ta opp nye eigarar og dermed sikre at den største delen av tjenesteproduksjonen skjer mot formelle eigarar. Opptak av nye eigarar kan då skje gjennom vedtak i generalforsamlinga, eller etter fullmakt, av styret, og det er då ikkje nødvendig med vedtak i samtlege kommunestyre, som er eigarar.

Spesiell regulering av nytt selskap, Vannvest AS

Dei 33 kommunane som i dag er tilknytte DIHVA vert invitert til å delta i stiftelse av nytt AS, og det vert lagt til rette for nye kommunar kan slutte seg til når det er naturleg. Val av aksjeselskap som organisasjonsform er ikkje ei tilrettelegging for at det skal drivast ein økonomisk aktivitet med sikte på utbytte. Tvert imot er det nødvendig å regulere selskapet gjennom vedtekter og aksjonæravtale, for å ivareta innflytelse frå eigarane, deltakargebyr og vidareføre utvida eigenregi og skattefritak.

Under er det sett opp ei oppsummering av reglar i vedtekter og aksjoneravtale, vedlegg g og h :

- a. Formålsparagraf som speglar selskapet sin funksjon som samarbeidsorganisasjon, blant anna at selskapet sin aktivitet ikkje skal gå lenger enn til å fremje og underbygge eigarane sine vass- og avløpsinteresser.*
- b. Selskapet skal ikkje drive økonomisk verksemd og betaler ikkje utbytte.*
- c. Ved ein eventuell oppløysning av selskapet skal midlar gå til formål i tråd med selskapet sitt formål.*
- d. Berre kommunar, fylkeskommunar og selskap eigd 100% av kommunar kan vere aksjonerar.*
- e. Representasjon på generalforsamlinga ved at kvar kommune har ei stemme, ein aksje.*
- f. Utviding av eigarstyring av hensyn til regelverk for eigenregi. Budsjett og årleg deltakargebyr vert vedteke av ei ekstraordinær generalforsamling. Dette i motsetning det som er vanleg for eit AS, der slik beslutning er lagt til styret.*
- g. Reglar om uttreden frå selskapet. Eit års varsel ved uttreden. Sal av aksje tilbake til selskapet til pålydande verdi kr 5000,- Tilsvarande sal av overtalige aksjar ved kommunesamanslåing.*

h. Reglar om å gå inn i selskapet. Utviding av aksjekapital, eller eventuelt sal av aksje som er eigd av selskapet, ved opptak av ny eigar.

i. Plikt til å betale årleg deltakargebyr fastsett av generalforsamlinga. Vidareføring av prinsippet som ein i dag har i IKS-et (for 2019 kr 12.130,- pr. kommune pluss kr 2,11 pr. innbyggjar).

j. Plikt for aksjonerane til å yte eit ansvarlig lån tilsvarande 5 kr pr. innbyggjar, for å etablere nødvendig kapital i selskapet frå oppstart. (Det er ikkje laga regelverk som gjev høve for å omdanne IKS til AS direkte. Eigenkapitalen som DIHVA har i dag, kjem til utbetaling til dei formelle eigarar som i dag eig Dihva på eit seinere tidspunkt, ved oppløysning av IKS eller vedtak om utdeling).

k. Namn. Namnet i dag er DRIFTSASSISTANSEN I HORDALAND – VANN OG AVLØP IKS, forkortelse DIHVA. Etter ei bred vurdering av ulike alternativ, og klar tilbakemelding på representantskapsmøte 13.06.19 vert det lagt opp til Vannvest AS, som namn på det nye selskapet. Vatn som begrep i bransjen betyr i dag alle typer vatn, både drikkevatt, spillvatt og overvatt. Også sirkulær økonomi med gjenbruk og ressursutnyttelse, for eksempel biogass, inngår i begrepet «Vannbransjen». Vest framstår som eit eigna namn for samarbeid i ulike fylke utan ein for begrensa geografisk forankring.

l. Valkomité. Ikkje regulert i selskapsavtalen som ein har for IKS i dag. Ny ordning der valkomité vert valt av generalforsamling.

4. INVITASJON TIL STIFTELSE. FORSLAG TIL VEDTAK

Dei 33 kommunane som i dag er tilknytte DIHVA vert invitert til å delta i stifting av nytt AS. For kommunar som har etablert eit heileigd kommunale VA-aksjeselskap kan desse delta i stiftinga direkte, medan utmelding av IKS'et må vedtakast av kommunestyret.

a. Kommunestyret vedtek å delta i stiftinga av Vannvest AS. Rådmannen får fullmakt til å representere kommunen på stiftelsesmøtet.

b. Kommunestyret vedtek å yte eit ansvarlig lån til Vannvest AS tilsvarande kr 5 pr. innbyggjar pr. 01.01.19.

c.) Kommunestyret vedtek å tre ut av Driftsassistansen i Hordaland -Vann og Avløp IKS med verknad frå 01.09.20. Dersom stifting av nytt Vannvest AS skjer etter 01.11.19 vert tidspunkt for å tre ut av IKS'et tilsvarande endra.

d. (Ved eventuelt vedtak om å slutte seg til etter at nytt selskap er stifta vert det lagt opp til retta emisjon mot nye aksjonærar pr. 03.06.20. Vedtak a) over vert erstatta av: Kommunestyret vedtek å tre inn i Vannvest samarbeidet ved å verte aksjonær og kjøpe en aksje i Vannvest AS til pålydende kr 5000,-)

Samandrag

Driftsassistansen i Hordaland – Vann og avløp IKS (DIHVA IKS) er ein samarbeidsorganisasjon mellom 33 kommunar innanfor offentlig vatn og avløp. DIHVA er eit interkommunalt selskap med 6 ansatte, og formålet er å vera en samarbeidsorganisasjon for eigarane. Omsetninga i 2018 var kr. 12 538 256 og eigenkapitalen pr. 31.12.18 var kr. 2 551 867.

- 22 kommunar har vore medeigar frå etableringa i 2004
- 11 kommunar har slutta seg til utan at formelt eigarskap er etablert
- 4 kommunar er tilknytt som «medlem»

Med stor fokus på bl.a. drikkevatt og løysingar knytt til rensing av avløpsvatn er det svært ynskjeleg at alle deltakarane i samarbeidet er, eller vert, eigarar av verksemda, og også at nye kommunar kan verte med. Eigarskap er vesentlig for å løyse oppgåver i eigenregi utan å vere i strid med innkjøpsregelverket. Då DIHVA IKS vart stifta vart det lagt til grunn at nye eigarar kunne takast opp gjennom vedtak i representantskapet, men IKS-lova opnar ikkje for å delegere slik mynde. Dette betyr at ein endring av eigarsamensetning må vedtakast i kommunestyret hjå samlege eigarar. Med mange eigarar er dette ein tungvidt og tidkrevjande prosess, og har i praksis vist seg å være til hinder for eit smidig opptak av nye eigarar.

Styret, ansatte og representantskapet ynskjer å vidareføre verksemda til DIHVA IKS i et nytt aksjeselskap (AS). Som tidlegare ynskjer ein då eit selskap med ikkje økonomisk formål, og med vedtekter som er tilpassa selskapet som en samarbeidsorganisasjon. Generalforsamlinga, eller etter fullmakt styret, vil i eit AS kunne ta opp nye kommunar som eigarar utan ny sakshandtering i alle kommunestyrer

I tråd med dette vert den enkelte kommune invitert til å gjøre vedtak om:

- a. Å delta i stifting av Vannvest AS
- b. Å yte et ansvarlig lån til Vannvest AS.
- c. Å tre ut av DIHVA IKS (gjeld dei 22 kommunane)

Vurdering:

Dihva har fungert godt sidan oppstarten, og sikra kompetanseheving og kunnskap på tvers av kommunegrensar. Fleire hendingar den seinare tida minnar oss på at vatn er viktig, også for framtida. Med omgjering av Dihva IKS til Vannvest vil ein sikre at kommunane og selskap eigd av desse fortsatt kan ha eit godt samarbeidsforum vidare, og ein plattform for deling og hjelp til kunnskap. Ein sikrar også at kommunane enkelt kan få utført arbeid i eigenregi og også lettare opptak av nye kommunar i organisasjonen.

Kvam herad har i periodar behov for spesialkunnskap, som Dihva innehar. Arbeidsoppgåvene kan då enkelt løysast her og ein slepp fordyrande mellomledd.

Kommunereformen (samanslåing 1.1.2020) fører til at enkelte kommunar har stort fokus på saker og aktivitar knytt til dette som må prioriterast fyrst, og planen er difor at nokon av desse kan då registrere seg som ny eigar i løpet av 2020 som vist på tidsplanen (vedlegg f)

Det er vanskeleg å sjå nokon ulemper for Modalen kommune ved å delta i den nye organisasjonen.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-151	18/255

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
064/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Utviding av budsjettramme - ansvar 1600 næring

Forslag til vedtak:

Modalen kommune aukar budsjettramma for ansvar 1600 næring, teneste 3250 (tilrettelegging og bistand for næringslivet), post 14700 (tilskot) og 15200 (utlån), frå kr. 2 600 000,- til kr. 4 000 000,-.

Saksopplysningar:

I Modalen kommune sitt budsjettvedtak for 2019, som omfattar ansvar 1600 næring – 3250 tilrettelegging og bistand til næringslivet, post 14700 (tilskot) og 15200 (utlån) er det avsatt kr. 2 600 000,- inkl. budsjettjustering (KS sak 045/2019) 05.09.19.

Med utgangspunkt i ei stor utbetaling på kr. 2 430 900,- frå næringsfondet har den vedtekte budsjettramma blitt overskriden utover tilleggsøyving gjort i kommunestyret 5. sept. 2019. Dette heng m.a. saman med at utbetalingsår frå næringsfondet ikkje alltid er samanfallande med løyvingsår.

Erfaringar frå tidlegare år har vist at vedteken budsjettramme på om lag kr. 2 400 000,- har tatt høgde for desse forholda.

Rådmannen vurderer at det utifrå rekneskapsreglane må gjerast vedtak om endring i budsjettramme for 2019.

Bakgrunn

Det er i løpet av 2019 rekneskapsført (pr. 11.11.19) utbetalningar til elevstipend, tilskot frå næringsfondet som gjeld vedtak gjort i 2018 og 2019, samt tilskot til Modalen næringsbygg AS på til

saman kr. 3 752 854,-. Dersom øvrige løyvingar gjort tidlegare vert krevd utbetalt vil denne summe auke. I tillegg står det att å rekneskapsføre kr. 131 580,- i elevstipend.

Framlegg til auke i budsjettramma skal i tillegg ta høgde for vurdering om næringsfondstyret sitt vedtak gjort 22. oktober (saksnr. 017/2019) om løyving til Testlab Vest AS skal støttast. I denne saka vedtok næringsfondstyret/formannskapet å løyve kr. 70 000,- i tilskot og kr. 70 000,- i lån med føresetnad om at kommunestyret auka budsjettramma med kr. 70 000,-

Vurdering

Rådmannen si vurdering er at det er utfordrande å budsjettere på nemnte ansvarsområde. Dette fordi det i næringsfundsakene ikkje alltid er samsvar mellom løyvings-/vedtaksår og utbetalingsår. Saker kjem inn gjennom året, og utbetaling skjer når løyvingsmottakar ber om dette (innan gitte fristar). Rådmannen forstår dei politiske føringane slik at ein ynskjer å ha ei fleksibel tilnærming til personar/verksemdar som ynskjer stønad frå næringsfondet – slik får ein fanga opp og vurdert behov når dei oppstår gjennom året.

Det er tidlegare beslutta at elevstipend skal finansierast frå næringsfondet. Dette er ein variabel sum. I tillegg vert tilskot/utgifter til Modalen næringsbygg AS ført frå denne posten.

Budsjettområdet ansvar 1600 er ikkje finansiert over den ordinære drifta, men med fondsmidlar. Dette gjer at at ein står noko friare med omsyn til saldering/inndekning.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek auke i budsjettramma frå kr. 2 600 000,- til kr. 4 000 000,-. Slik får ein fanga opp kommande rekneskapsføring av elevstipend og løyving til Testlab Vest AS, til saman kr. 201 580,-. Dersom det seinare vert gjort løyvingar frå næringsfondstyret med føresetnad om ytterlegare auke i budsjettramma skal desse også fremjast for kommunestyret som nye budsjettjusteringssaker.

Nettoutgift til næring i skjema 1B aukast frå kr. 2 536 683,- til kr. 3 936 683,-. Dette vert finansiert ved auke i bruka av næringsfondet i skjema 1A frå kr. 3 430 000,- til kr. 4 830 000,-.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-014	19/219

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
065/2019	Kommunestyret	PS	21.11.2019

Val av styrer, råd og utval for perioden 2019 - 2023

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtar valutvalet sitt forslag til medlemmer i styrer, råd og utval for perioden 2019 – 2023.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

For kommunestyreperioden 2019 - 2023 skal det veljast nye medlemmer i kommunale råd og utval. Råd og utval fyljer kommunestyreperioden si funksjonstid på 4 år. For interkommunale utval vel kommunestyret representantar frå Modalen kommune inn i utvala.

Rådmannen, ordførar og varaordførar har i møte 23. okt 2019 saman gått gjennom oversyn over kva ulike råd, styrer og utval det skal veljast medlemmer til.

Vedlagte oversikt viser valutvalet sitt forslag til kandidatar i dei ulike verva.

Vedlegg:

Styre-råd-utval-2019 - 2023 til KS

